







Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 95 24 46 78
Telefon SFO: 91 82 41 02



Vekeplan for 1. steg

Veke 20

		MÅNDAG 13/5	TYSDAG 14/5	ONSDAG 15/5	TORSDAG 16/5	FREDAG 17/5
1	08.50	Norsk	Utedag 	Norsk	Fagdag 17. mai 	17. mai 
2	10.20	Norsk		Matematikk		
3	10.35 11.30	Skulen les		Samfunnsfag		
4	12.00	Matematikk		Engelsk		
5	13.30	KRLE				

	LEKSE TIL TYSDAG:	LEKSE TIL ONSDAG:	LEKSE TIL TORSDAG:	LEKSE TIL FREDAG:
Tema: Myldrande liv 	Les leseleksa og skriv setningar på lesearket som ligg i lesemappa (den kvite mappa). Øve på å telje med tiarar til 100; 10-20-30-40-50-60-70-80-90-100 og tilbake.	Levere inn lesemappa. Les leseleksa og skriv setningar på lesearket som ligg i lesemappa (den kvite mappa). Øve på å telje med tiarar til 100; 10-20-30-40-50-60-70-80-90-100 og tilbake.		

Viktige datoar: -Sommarfest: 12.6.24

Informasjon om 17.mai

Det er tradisjon ved Leikanger barneskule at elevane går i 17.maitoget. Det er **klassekontaktane** som har ansvaret for organisering av dei ulike klassestega. Lærarane har ikkje arbeidsdag denne dagen.

Skulen øver med flaggborg og faner torsdag 16.mai klokka 10.30. Dersom klassekontaktane har høve til å delta, er de hjarteleg velkomne. Dersom de ikkje har høve til å vera med på øvinga, må de henta dei respektive fanene i foajeen innanfor hovudinngangen før klokka 16.30 den 16.mai. Lever dei igjen på samme stad tysdag 21.5. God 17.mai!

Siv Anette Slinde Thorsnes
siv.anette.slinde.thorsnes@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91 11 36 38

Nora Lindblad
22norlin@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91721909



Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 95 24 46 78
Telefon SFO: 91 82 41 02



	Dette arbeider me med denne veka
Norsk	Repetisjon av bokstavane.
Matematikk	Undersøk mengder, partal og oddetal, det dobbelte og halvparten, addisjon
Engelsk	I like jumping
Kroppsøving	Balleikar, stafettar
Musikk	Songar til 17. mai – «Ja vi elsker» og «No livnar det i lundar»
Samfunnsfag/naturfag	Kjensler
Krle	Å leve saman
Tema	Myldrande liv

Avspassering, 6.
vekers
planleggjing:
31. mai

Meldingar

Ny leselekkse frå denne veka. Den har tre vanskegrader. Les og øv på den som gir mest meistring. Snakk positivt om lesing og om kor viktig det er. Sjølv om me veit at enkelte har mykje om ettermiddagen så oppmodar me alle om å lese kvar dag sidan me ikkje har moglegheit til det på skulen. Det blir etterkvart meir lesing i alle fag og krava til lesing aukar. Når den tekniske lesinga/avkodinga er på plass er det forståinga av det elevane les som krevst. Lesing = avkoding + forståing. Spør gjerne barnet ditt om kva han/ho har lese. Elevane har lettlest bøker tilgjengelege i klasserommet også. Skrivning og lesing går hand i hand. I «Leksehefte» vil det vere eit bilde som elevane skriv anten ord eller setningar til. 5-6 ord eller 4-5 setningar. Setningane kan gjerne starte med «Eg ser.....» Skriv med dei små bokstavane. Når elevane skriv er dei er på ulike plassar når det gjeld det dei treng å øve på. Dei har nok med å øve på få ting om gongen. Dei treng ikkje å øve på stor bokstav og punktum før dei til dømes har øvd på mellomrom mellom orda. Det me har sagt dei kan øve på er i denne rekkjefølgja:

- Mellomrom mellom orda.
- Skrive med små bokstavane.
- Hugse rett høgde på bokstavane; loft, stove og kjellar.
- Stor bokstav og punktum i starten og slutten på setningar.

Lettlestbøker

Dei som har fått lestlest bøker i mappa, må hugse å ta dei med att på skulen når dei vil byte bok.

Klede

Gjer gjerne avtale med barnet dykkar om kva klede de ynskjer dei skal ha på seg ute no. Særleg dei som har fleire val. Me seier at dei kan ta utebukse/turbukse no når me har utedagar. Sjekk at borna dykkar har det dei treng.

Fråvær

Det er viktig at de registrerer eventuelle time- eller heildagsfråvær på Visma. Ta kontakt med oss viss de ikkje får dette til. Kanskje me kan hjelpe. Andre meldingar, informasjon eller spørsmål kan og sendast på Visma.

Annan informasjon

Leikanger barneskule tek til klokka 08.50 på morgonane. Måndagar, tysdagar, torsdagar og fredagar er skuletida slutt klokka 13.30, onsdagar sluttar me 12.45.

Ynskjer dykk ei fin veke! 😊
Nora og Siv Anette

Siv Anette Slinde Thorsnes
siv.anette.slinde.thorsnes@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91 11 36 38

Nora Lindblad
22norlin@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91721909